

Østfold Energi AS - Avd Produksjon
Postboks 17
1701 SARPSBORG

Vår dato: 04.05.2017
Vår ref.: 200701716-129
Arkiv: 317
Deres dato:
Deres ref.: Magne Netland

Saksbehandler:
Randi Holme
22 95 95 18/ rho@nve.no

Oversending av revisjonsrapport – Østfold Energi AS – Borgund kraftanlegg, Lærdal kommune

Vi viser til revisjon av Østfold Energi AS, Borgund kraftanlegg 26. – 27. 04 2017. Revisjonen var varslet i brev datert 07.04.2017.

Ved revisjonen vart det ikkje registrert avvik. Det vart gitt ein merknad. Revisjonsrapporten oppsummerer revisjonen og skildrar den merkningen som vart gitt.

Frist for å uttale seg til saka er sett til **29. mai 2017**. Vi oppmodar særleg om at faktiske opplysningar som gjeld saka vert korrigert eller supplert. Dersom NVE ikkje mottek uttale innan fristen legg NVE til grunn dei opplysningane som ligg føre i saka.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg: 1 Revisjonsrapport

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Kopi: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Lærdal kommune

Revisjonsrapport

Revidert eining:	Østfold Energi AS
Revisjonsdato:	26. og 27. april 2017
Stad:	Borgund, Lærdal
Medverkande frå revidert eining.	Kraftverkssjef Bjørn Røvik Miljø og kvalitetsansvarleg Magne Netland VTA Dagfinn Bentås
Revisorar fra NVE:	Revisjonsleiar: Randi Holme Medrevisor: Heidi Anette Grønsten Medrevisor: Jenny Evjen
Seksjon	Øyvind Leirset, TBM

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og føremål med revisjonen

Miljøtilsynet består av ein systemrevisjon og ein anleggsinspeksjon. Etter § 7 i forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (FOR-2011-28 nr. 1058, Ik-vassdrag) har NVE ansvar for å føre tilsyn med at forskrifta vert oppfylt.

Føremålet med ein systemrevisjon er å kontrollere at verksemda oppfyller kravet om å etablere eit internkontrollsystem for det enkelte vassdragsanlegg som sikrar at krav til natur, miljø og landskap vert teke i vare på ein tilfredsstillande måte i samsvar med vassdragslovgevinga, forskrifter, konsesjonsvilkår, pålegg og godkjende detaljplanar.

Føremålet med å gjennomføre ein anleggsinspeksjon er å kontrollere at anlegget sin tilstand er i tråd med nemnde krav. For anlegg i driftsfasen er det lagt vekt på landskaps- og miljøtiltak som til dømes tersklar, kontroll og informasjon knytt til manøvreringsreglement, minstevassføring og rydding av elveløp/flomløp. Forventa standard knytt til natur og miljø er å finne på NVE sine heimesider, blant anna i faktaarka «God praksis».

1.2 Revisjonsgrunnlag

I revisjonen var revisjonsgrunnlaget følgjande:

- Vassdragsreguleringslova
- Forskrift av 28.10.2011 nr. 1058 om internkontroll etter vassdragslovgevinga (Ik-vassdrag)
- Løyve til regulering og overføring i Lærdalsvassdraget gitt ved kgl. res. datert 7. oktober 1966 med tilhøyrande manøvreringsreglement
- Vedtak, godkjenningar med heimel i ovanfor nemnde løyve
- Pålegg om terskelbygging datert 14.04.1987
- Pålegg om hydrologiske undersøkingar dater 20.10.1993
- Rapport frå magasinkontroll datert 16.04.2009
- Dokumentasjon som NVE mottok før og under revisjonen

Tema for revisjonen

Revisjonen omhandla Ik-vassdrag generelt med særskild fokus på:

- Ik-vassdrag § 5-5, målingar og registreringar som for å dokumentere at anlegga vert drifta i samsvar med løyve og pålegg
- Ik-vassdrag § 5-6, Kartlegging av farer og problemområde særleg knytt til konsesjonspålagde tersklar, masseopphoping, gjenngroing og erosjon i regulerte vassdrag
- Ik-vassdrag § 5-3, nødvendig kunnskap og ferdigheiter knytt til at Lærdalselva er eit nasjonalt laksevassdrag

1.3 Funn

0 avvik

1 merknad

Avvik er: Brot på krav i regelverk og løyve gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgevinga og anna lovgjeving som NVE forvaltar.

Merknad er: påpekning av forhold med moglegheit for forbetring eller eit forhold som bør vurderast nærmare av verksemda, men som ikkje er brot på gitte krav.

1.4 Generelle kommentarar

Revisjonen vart gjennomført i Østfold Energi AS sine lokale på Borgund i Lærdal. Han omfatta ein anleggsinspeksjon og gjennomgang av internkontrollsystemet som er utarbeidd for Borgund kraftanlegg. Inspeksjonen omfatta utvalde tersklar i Lærdalselva (terskel 12, 34,60 og 62) og laksetrappene på Sjurhaugfoss og Kolgryta.

Det vart gjennomført tre samtalar; ein med kraftverkssjef Bjørn Røvik, ein med miljø- og kvalitetsansvarleg Magne Netland og ein med VTA Dagfinn Bentås.

Deltakarane frå Østfold Energi AS ga god og utfyllande informasjon om system og rutinar som er etablerte for drift og vedlikehald av anlegget. Internkontrollsystemet er etter NVE si vurdering godt gjennomarbeidd og godt tilpassa verksemda. Det ser i tillegg ut til å vere godt implementert i organisasjonen. Fag- og myndigheitsansvar er klart plassert, og implementert. Det er oppretta funksjon som fagansvarleg for miljø og kvalitetssystem, med ansvar for miljø og internkontrollsystemet.

NVE vart orientert om at fleire prosjekt som er under planlegging/gjennomføring. Her vert det sett fokus på miljøforhold som massetransport i vassdraget, kompetanse, automatisering av lukestyring m.m.

NVE konstaterer at miljø er eit fokusområde i organisasjonen, og totalinntrykket er at miljø og landskap er godt ivareteke i verksemda.

Fokusområde kunnskap og kompetanse: Det er utarbeidd eigen plan for opplæring av personell i organisasjonen. I planen er det sett opp årlege obligatoriske kurs, og det vert dokumentert skriftleg kven som gjennomfører kursa.

Fokusområde målingar og registreringar: Det vert gjennomført registreringar for å oppfylle dei krav som er sette i vilkår og pålegg. Det vert i tillegg gjennomført registreringar som ikkje er pålagde.

Fokusområde farer og problemområde: Det er utarbeidd ein eigen skriftleg plan for årleg tilsyn. Saman med den skriftlege prosedyren for avviksbehandling vert hendingar og avvik identifiserte for vidare risikoanalyse som vert dokumentert skriftleg.

Fokusområde nasjonalt laksevassdrag: Det er inngått skriftleg avtale med Lærdal kommune for å oppfylle dei plikter som følger av konsesjon og seinare pålegg av omsyn til fisk i vassdraget. I tillegg er det sett i gang tiltak for å automatisere forbislepping av vatn i Borgund og Stuvane kraftverk.

2 Beskrivelse av merknad

Nr.	Beskrivelse av merknad
1	<p data-bbox="331 586 1197 618">Ik-vassdrag § 5-7, jf. og manøvreringsreglement datert 15. oktober 2004.</p> <p data-bbox="331 645 1445 748">Prosedyre for manøvrering og driftsrestriksjonar dater 6.10.2003 bør reviderast for å presisere korleis Østfold Energi skal overhalde kravet om at utprega døgnregulering gjennom Borgund kraftverk ikkje skal førekomme.</p> <p data-bbox="331 775 1436 806">Korleis manøvrering i grensetilfelle ved låg vassføring skal gjennomførast bør og presiserast.</p> <p data-bbox="331 833 1458 864">Revidert prosedyre må implementerast i organisasjonen t.d. i samband med beredskapsøvingar.</p>

Den aktuelle prosedyren er utarbeidd for å ta i vare vilkår i manøvreringsreglementet som gjeld vassføring/tapping av reguleringsvatn. Prosedyren er relativt detaljert, men tek f. eks ikkje for seg korleis manøvrering skal føregå ved reduksjonar i vassføringa, då faren for stranding i praksis er størst. Dette bør skildrast i prosedyren. Vidare omtaler ikkje prosedyren korleis produksjonen bør leggest opp i grensetilfella med låg vassføring. Dette bør presiserast.

Rapport frå magasinkontroll datert 16.04.2009 var varsla som grunnlag for revisjonen. NVE vart orientert munnleg om tiltak som er gjennomført etter magasinkontrollen for å lukke avvik. NVE vi gi tilbakemelding på dette i eigen korrespondanse, jamfør Østfold Energi sitt svar på rapport etter magasinkontroll.